

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 614	15/179

Saknr	Utval	Type	Dato
145/2015	Formannskapet	PS	01.12.2015
110/2015	Kommunestyret	PS	10.12.2015

Samarbeidsavtale om Bjørn West-museet

Vedlegg:

Samarbeidsavtale om Bjørn West-museet (L)(23302)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samarbeidsavtalen om konsolidering mellom stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest vert godkjend slik han ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Saka gjeld konsolidering av stiftinga Bjørn West-museet med stiftinga Museum Vest frå 1. januar 2016. Ein samarbeidsavtale underteikna av dei to stiftingane og Masfjorden kommune vil regulere partane sitt samarbeid om verksemda ved Bjørn West-museet.

Samarbeidsavtalen ligg ved.

Museum Vest er eit konsolidert museum i Hordaland med ansvar for mellom anna krigs- og okkupasjonshistoria i den regionale museumspolitikken. Stiftinga Museum Vest vil ved ei konsolidering overta ansvaret for økonomi, personale, dagleg drift og bruk av samlingar, bygningar og anlegg ved Bjørn West-museet.

Masfjorden kommune går inn med eit øyremerkta tilskot til Museum Vest. Dette tilskotet skal gå til museumsverksemda ved Bjørn West-museet. For fyrste året er tilskotet på kr 400.000,-. Etter avtaleteksten skal summen vurderast årleg i samband med kommunen sitt budsjettarbeid.

I Regional plan for museum 2011-2015 vert det gjort greie for prosess knytt til konsolidering. Dersom eit museum vert teke inn i eit konsolidert museum vil det få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet. Konsolideringa skal såleis også handsamast av Hordaland fylkeskommune. I 2014 løyvde Fylkestinget museumsplanmidlar til slike konsolideringsprosessar, og Museumssenteret i Hordaland og Museum Vest fekk til saman 50 000 kroner til ei utgreiing om Bjørn West-museet. Museum Vest har i sin budsjettsøknad til Hordaland fylkeskommune søkt om 200 000 kroner årleg 2016-2018 til denne konsolideringa. Samarbeidsavtalen uttrykker føresetnad om fylkeskommunal løyving. Det har vore ein god prosess med fleire møte mellom aktørane Masfjorden kommune,

Museum Vest,

Museumssenteret i Hordaland og administrasjonen i Hordaland fylkeskommune (kultur- og idrettsavdelinga), mellom anna for å avklare om føresetnadene for ei konsolidering er til stades gjennom lokalt initiativ og økonomi. I tillegg har ei viktig problemstilling vore om Bjørn West-museet i framtida skal ha krigshistorie som kjerne eller eit breiare kulturhistorisk fokus. Val av tema var avgjerande for om museet skulle konsoliderast med Museum Vest eller Museumssenteret i Hordaland. Aktuelle partar, mellom anna veneforeininga for Bjørn West-museet, har vore involvert og informert om prosessen.

Masfjorden kommune har også løyvd 50 000 kroner til utgreiingsarbeidet om konsolidering. Konklusjonen i utgreiinga *Bjørn West-museet som en del av Museum Vest?* er at Bjørn West-museet vil vere best tent med ei konsolidering med Museum Vest. Regionalt og nasjonalt inneber dette mellom anna at Museum Vest får større bredde og tyngde i si forvaltning av krigs- og okkupasjonshistoria. Bjørn West-museet vil oppnå større fagleg fellesskap og driftsfordelar. For publikum vert historieformidlinga meir heilskapleg.

Vurdering

Formannskapet i Masfjorden kommune slutta seg til konklusjonane i utgreiinga og føresetnadene om at det må utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom dei tre partane Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn Westmuseet og stiftinga Museum Vest, i møte 19. mars 2015 sak 35/2015. Kommunestyret gjorde tilsvarende vedtak i sitt møte 30.04.15, sak 24/2015.

No ligg det føre eit framlegg til samarbeidsavtale. Rådmannen meiner at det er nødvendig og rett å konsolidera Bjørn West-muset med Museum Vest. Ei slik konsolidering vil styrkje forvaltninga og formidlinga av krigs- og okkupasjonshistoria på Vestlandet og styrke museumsverksemda gjennom stordriftsfordelar, større fagleg fellesskap og kompetanse.

Konklusjon

Rådmannen vil difor tilrå at kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen mellom Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest slik han ligg føre.

Vedlagte saksdokument:

Samarbeidsavtale om Bjørn West-museet (L)(23302)	15228	13.10.2015
--	-------	------------

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

Formannskapet - 145/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

FS - vedtak:

Samarbeidsavtalen om konsolidering mellom stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest vert godkjend slik han ligg føre.

Kommunestyret - 110/2015

KS - behandling:

Jon Hope sa han var medlem i styret i Bjørn West-museet. Han var samrøystes vedteke ugild i saka og gjekk frå bordet.

Ordførar orienterte kort og sa han var gjort merksam på at ein måtte endre vedtaksteksten til og å ha med Masfjorden kommune.

Framlegg til vedtak med endringar frå ordførar vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Samarbeidsavtalen om konsolidering mellom stiftinga Bjørn West-museet, stiftinga Museum Vest og Masfjorden kommune vert godkjend slik han ligg føre.